

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 15.03. 2016
SAKSHANDSAMAR: Berit Bore
SAKA GJELD: **Årsoppgjer 2015**

ARKIVSAK: 2015/2349
STYRESAK: **041/16**

STYREMØTE: **05.04. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe med dei merknader og kommentarar som kom fram i møtet. Årets overskot i Helse Vest RHF, kr 663 784 823 blir ført mot annan eigenkapital med kr 656 414 665 mens kr 7 370 158 blir ført til fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 333 998 254. Årets overskott i Helse Vest føretaksgruppe kr 679 828 449 blir ført mot annan eigenkapital med kr 669 589 310 mens kr 10 239 139 blir ført til fond for vurderingsforskjellar.
2. Styret vedtar styrets beretning med dei endringane som kjem fram i møtet.
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapen og styrets beretning.
4. Styret legg styrets beretning og årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
5. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2016. Jf note 6 i årsrekneskapen.

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 679 828 449 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 663 784 823 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på netto 333 998 254 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot, justert for feil i tidlegare års rekneskap, slik at den svarer til eigenkapitalen deira. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 329 786 569.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 1 735 500 455 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 117 968 000 kroner og nedskriving av driftsmidlar utgjer 6 763 691. Nedskrivingsbeløpet er knytt til mindre ombyggingar og utrangering av bygg i Helse Fonna samt nedskrive aktivert del av arealplan i Helse Førde.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2015 balanse i rekneskapen.

Styret stilte krav om eit overskot på 345 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretaka (millionar kroner):	2015	2014	2013
Helse Bergen HF	207,4	1 056,5	237,5
Helse Stavanger HF	71,3	553,0	61,7
Helse Fonna HF	40,2	366,3	34,6
Helse Førde HF	15,0	241,3	0,5
Sjukehusapoteka Vest HF	15,3	30,5	14,9
Helse Vest IKT AS	-0,5	14,7	-4,9
Helse Vest Innkjøp HF	0,3	-	-
Helse Vest RHF	329,8	443,6	305,3
Tilknytte selskap	1,0	3,2	-3,0
Sum rekneskapsresultat	679,8	2 709,1	647,8

Resultatet frå føretaksgruppa er 334,8 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om. Det uvanleg gode resultatet i 2014 skuldast endra reglar for pensjon som blei innarbeida i resultatet for 2014 med i underkant av 2 milliarder kroner for føretaksgruppa samla.

Fakta

På grunn av nye reglar for uførepensjon og innarbeiding av levealderjustering på ytingar til framtidige pensjonistar hadde Helse Vest RHF ein monaleg lågare pensjonskostnad i 2014 i forhold til 2015. Effekten av dette blei fordelt forholdsmessig mellom verksemdsområda og innebar reduserte kostnader per verksemdsområde i 2014 samanhalde med 2015. Sjå også note 17 Pensjon for fleire opplysingar.

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om helseføretak.

I følgje §3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding i samsvar med reglar i same lov. Årsrekneskapen og årsmeldinga skal skrivast under av alle styremedlemmane og dagleg leiar.

Rekneskapen for føretaksgruppa skal byggje på dei konsoliderte føretaka sine rekneskapar og omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumanalyse og noter.

Følgjande føretak inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morselskapet Helse Vest RHF:

Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Førde HF
Sjukehusapoteka Vest HF
Helse Vest IKT AS
Helse Vest Innkjøp HF

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Helse Vest RHF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, eigardirektør, kommunikasjonsdirektør, økonomi- og finansdirektør og personal- og organisasjonsdirektør som leiande personell.

Helse Vest RHF følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) der hovudprinsippet er at leiarlønn i føretaka skal vere konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Erklæringa med forklaring på nokre avvik er teke inn i note 6 i årsrekneskapen. Den skal fastsettast av styret kvart år.

Konklusjon

Årsrekneskap med styrets beretning for Helse Vest RHF – morselskap – og føretaksgruppa Helse Vest, blir med dette lagt fram.

Det er nytta felles rekneskapsprinsipp og alle vesentlege interne transaksjonar er eliminerte i rekneskapen for føretaksgruppa Helse Vest.

Erklæring om fastsetting av lønn og godtgjersle for dagleg leiar og andre leiande tilsette i Helse Vest RHF går fram av note 6 i årsrekneskapen for føretaksgruppa.

Administrerande direktør rår styret til å godkjenne styrets beretning og årsrekneskap for 2015.

Administrerande direktør ber om fullmakt til å godkjenne redaksjonelle endringar i rekneskap og styrets beretning.

Trykte vedlegg:

1 Vedlegg 1 - Konsernrekneskap med noter og kontantstraumoppstilling for

Helse Vest

- 2 Vedlegg 2 – Styrets beretning
- 3 Vedlegg 3 - Oppsummering frå revisjonen (blir ettersendt)

Utrykte vedlegg:

Årsrekneskap og årsmelding/styrets beretning frå dotterføretaka